

Pressemelding:

Biskopen i Bjørgvin tek i bruk ny bispekåpe søndag 20. september

Bjørgvin bispedøme har fått ny bispekåpe. Den blir teken i bruk under gudstenesta i Bergen domkirke 20. september kl. 11.00. I etterkant av gudstenesta blir det presentasjon og utstilling i kyrkja.

Det er tekstilkunstnar Astri Ræstad og dotter hennar, kunsthåndverkar og sivilarkitekt Kristine Synnes som har utforma den nye bispekåpa. Son til Kristine Synnes, Niels Synnes, har medverka i utforminga av sylvspenna. Astri Ræstad har over tretti års erfaring som kyrkjetekstilkunstnar og har bl.a laga tekstilar til bruk i Nidarosdomen.

Det vart i desember 2024 invitert til konkurranse om utforming av ny bispekåpe med stolaer i dei fire liturgiske fargane til biskopen i Bjørgvin, ettersom dei tidlegare bispekåpene er i dårleg stand.

Juryen, som består av kunsthistorikar Anne Marta Hoff, tidlegare instituttleiar Aashild Grana og professor Justin Kroesen, skildrar kåpa som ei verkeleg estetisk oppleving, rik på symbolikk, med spennande detaljar gøymde både under skjoldet og på innsida av kåpa.

Håp, fred og vekst

Den nye bispekåpa tematiserer livets vekst, fred og krafta i håpet. Uttrykket er ein kombinasjon av det tradisjonelle og notida. Fargevalet og utforminga er inspirert av Bergen domkirke.

Det ytre skjoldet på ryggen speglar med si form vindaugo i domkyrkja og den norske kyrkja sitt skjold. Motivet er henta frå gamle steinkross i Hyllestad. Dei fire evangelistane har også fått sin plass på baksida. «Stolpane» som heng ned på framsida har vinranke med druer, ulike blomar, planter, insekter og frø som motiv. Frøa symboliserer framtida i form av håp. Sommarfuglen har også fått plass. Den er både eit naturmotiv og eit symbol på Kristi siger over døden og den nye livet.

På innsida av skjoldet er Salme 85,11 frå Bibelen brodert inn: Miskunn og sanning skal møte kvarandre, rettferd og fred skal kyssa kvarandre.

Spenna over brystet held kåpa saman. Den har ei brosjje, ein «formale» i sølv med ein kross som er inspirert av steinkrossa langs Vestlandskysten. Fem raude granatar symboliserer blodsdråpar som ein referanse til Kristi sår på krossen.

Moderne symbol frå sjøfarten

På innsida av kåpa har den ytre verda fått sin plass. Motivet hentar inspirasjon frå sjøfarten, noko som høver godt med at biskopen i Bjørgvin også er biskop for Sjømannskyrkja. Tidlegare vart domkyrkja i Bergen kalla Olavskyrkja, og ein globe med ein kross på er inspirert at eit bilete frå ein altarfrontale i Nidarosdomen der Olav den heilage held på ein slik globe. Eit verdskart pregar det meste av denne innsida, med blå felt i silke som skal symbolisera vatn og nokre symbol som er inspirert av moderne sporing av skipsfarten.

Fire stolaer

Kunstnarane har også levert fire stolaer, bandet som ligg rundt nakken og går ned på framsida av prestekjolen. Desse er fargane raud, kvit, grøn og lilla. I nakken er det ein gresk kross (fire like lange armar) og det er brodert inn små motiv

På tide med ny bispekåpe

Den nye bispekåpa vil i hovudsak bli brukt i Bergen domkirke og ved særskilde høve andre stader. Den noverande bispekåpa som den erstattar, vart laga i 1968-1980 ved Forsøksverkstedet ved den dåverande Statens lærerhøyskole i forming etter utforming av den anerkjente kunstnaren Sigurd Winge (1963). Den har seinare vore restaurert ved same fagmiljø.

Biskopen i Bjørgvin har også ei reisekåpe som vart teken i bruk i 2004. Den vart laga av Tone Saastad og noko rehabilitert i 2023.

– Eg er begeistra for den nye bispekåpa. Den er vakker og rikt utforma, frå utsida til innsida. Det var også særleg fint at tre generasjonar frå bestemor til barnebarn står bak utforminga, seier biskop Ragnhild Jepsen. Ho har berre nokre få gonger bore den gamle bispekåpa. – Den er også veldig vakker, men diverre så slitt at me må vera særst varsame kvar gong den blir brukt.

Ei bispekåpe symboliserer biskopen sitt mynde og følgjer embetet, ikkje personen. Dei første bispekåpene i gamal tid vart laga for at biskopen skulle halda varmen ved prosesjonar i kaldt vær. Etter kvart vart dei utstyrte med ornament som skulle visa at biskopen var ein hyrde, slik Kristus var det.

Bispekåpene er kunst som folk gjerne vil sjå, på same måte som annan kunst i kyrkjene. Bispekåpa blir ikkje stilt ut, men på søndag blir den å sjå for alle som kjem i Bergen domkirke.

Bidragstakarar:

Astri Ræstad & Kristine Synnes: Utforming

Eva Fosen: Skreddar

Niels Synnes; utvikling av design på brosjø

Reidun Breistig: gullsmid

Jury: Anne Marta Hoff, Aashild Grana og Justin Kroesen.

Informasjon frå kunstnarane:

PROSJEKTSKILDRING

Denne bispekåpa er utvikla spesielt for biskop Ragnhild Jepsen. Kåpa er utført med vekt på kunstnarleg kvalitet, materiale av svært høg kvalitet, handverk, funksjon og lang levetid.

MATERIALE

- Ytterstoff: 100 % ulldrapé
- Mellomfôr: 100 % ullmuslin
- Fôr og kantar: 100 % silketaft
- Brodergarn: Floragarn, Madeira, DMC og gullbrodergarn frå Hellas
- Sytråd: Gütermann (silke og polyester)

MEDVERKANDE

- **Konsept, design, broderi og gjennomføring:** Tekstilkunstnar Astri Ræstad, i samarbeid med kunstnar og arkitekt Kristine Synnes
- **Tilpassing og saum:** Bunadstilverkar Eva Fosen
- **Design av «formale» (spenne):** Produktdesignar Niels Synnes og Kristine Synnes
- **Utføring av sylvspenna:** Gullsmed Reidun Breistig

LEVERANDØRAR

- Gazella, Oslo
- Saab Tekstil, Oslo
- Kupp Tekstil, Oslo
- Singer Bernina Sysenter, Haugesund
- Eigen tekstilsamling, Haugesund

KOSTNAD

Ei bispekåpe skal ha god kvalitet og vara lenge. Det betyr at den kostar ein del. Utforming og produksjon av den nye bispekåpa i Bjørgvin kom på 300.000.

Bispedømet har fått støtte på 250.000 kroner frå Marie Andresens legat til utsmykning av norske kirker.